

MØTEBOK

Organ	Kontrollutvalet
Møtestad	Fylkeshuset, Hermansverk, møterom Sygna
Møtedato	03.03.2016
Kl.	10:00 – 16:00

Faste medlemer til stades:

Frank Willy Djuvik, Odd Atle Stegegjerdet, Jorunn Ringstad, Klaus Iversen

Forfall til møtet:

Lise- May Sæle

Varamedlemer til stades:

Frode Bøthun (gjekk inn som medlem i møtet)

Til stades med møte- og talerett:

Administrasjonen: Fylkesrådmann Tore Eriksen, Juridisk sjef Svein Hågård, seniorrådgjevar Nils Geir Myrkaskog (sak 11, pkt.1); Fylkessdirektør Samferdsel Velaug Veum (sak 11, pkt. 4)

SF revisjon IKS: Dagleg leiar Ingvar Linde, oppdragsansvarleg revisor Marianne Vara (sak 11, pkt.1 og pkt. 3, sak 16)

Deloitte AS (video): Kari Gåsemyr (sak 13, 14 og 15)

Sekretariat for møtet:


Einar Ulla

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Ope møte.

Møtebøkene frå 24.11.2015 og 26.01.2016 vart godkjende utan merknader.

Leiar i kontrollutvalet vart, av utvalet, vurdert til å vere inhabil i handsaming av sak 12/16.



The image shows two handwritten signatures in blue ink. The top signature reads "Frode Bøthun" and the bottom one reads "Odd Atle Stegegjerdet". Both signatures are cursive and appear to be in black ink.

**SAK 11/16 Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 3.
mars 2016**

Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama i møtet:

1. Orientering om utbetalingar til rådgjevarane i salsprosessen ved sal av Fjord1, og avtalen med rådgjevarane

Fylkesrådmannen orienterte utvalet om rutinane rundt utbetaling av fakturaene til Advokatfirmaet Wiersholm og DHT Corporate Services AS. Slik fylkesrådmannen ser det er minimumskravet for utbetaling av faktura frå fylkeskommunen sine leverandørar at fakturaene er spesifiserte slik at ein har motteke tenester i samsvar med bestilling og at utlegg samsvarar med aktiviteten som har vore. Fakturaene frå Wiersholm og DHT er tilfredsstillande i så måte. Det vart i tillegg orientert om fylkesrådmannen sin konklusjon om at avtalen, i samband med vurderingar av eigarskapen i Fjord1 AS, ikkje var omfatta av forskrift om offentlege anskaffingar. Fylkesrådmannen svarte etter orienteringa på spørsmål frå utvalsmedlemmane. Kontrollutvalet opna sak i møtet for handsaming av det som hadde kome fram av informasjon i møtet og i dokument motteke frå administrasjonen.

2. Status forvaltningsrevisjon v/Deloitte
 - a. Inneklima og vedlikehald av fylkeskommunale bygg

Rapporten er ferdig verifisert av fylkesrådmannen. Den blir sendt på høyring i løpet av kort tid. Framdrift i samsvar med plan om levering innan 31. mars 2016. Orienteringa vart teken til vitande.

3. Status finansiell revisjon v/SF revisjon

Det vert no utført løpende revisjon. Rekneskapstal vert kontrollert opp mot budsjett. Avstemmingar vert utført. Det er god kontakt med økonomi- og rekneskapsmiljøet i fylkeskommunen i gjennomføring av revisjonen. Revisor opplyste om at ein er om lag halvferdig med arbeidet. Orienteringa vart teken til vitande.

4. Orientering om bruk av brutto/netto-kontrakt i anbod innan kollektivtransport

Fylkesdirektør Velaug Veum orienterte utvalet om bruk av brutto/netto-kontrakt i anbod innan kollektivtransport. Orienteringa vart teken til vitande.

5. Informasjon frå NKRF
 - a. e-INFO 16/1 – Talerett i kommunale organ

Informasjonen vart teken til vitande.

6. Framtidig organisering av sentraladministrasjonen, brev frå fylkesrådmannen datert 22. februar 2016

Informasjonen vart teken til vitande

7. Fylkeskommunen sitt rekneskapsresultat for 2015

Informasjonen vart teken til vitande.

8. Orientering frå leiar og kontrollsjef

- a. Leiar orienterte om inntrykk etter NKRF sin kontrollutvalskonferanse. Spennande konferanse med gode føredraghaldarar og interessante tema, som for eksempel kontrollutvalet si viktige rolle for tilliten til kommunal forvaltning, flyktningesituasjonen – integrering, korrasjon, kontrollutvalet sin arbeidsmåte, habilitet, status kommunelovutvalet og samspele mellom revisor og kontrollutval.

Orienteringa vart teken til vitande.

- b. Oppdrettsanlegg Torvund. Fiskeridirektoratet slår, iflg. Firda, fast at fylkeskommunen har gjort fleire sakshandsamingsfeil i klagehandsaming av denne saka. Feila skal vere at merknadane frå klagarane ikkje skal vere behandla og at det ikkje er gjort ei konkret vurdering av dei konkurrerande interessene.

Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om orientering i neste møte.

- c. Orientering om gjennomført tilsyn av fylkesmannen om forvaltningskompetanse Firda vidaregåande skule. Kontrollutvalet får framlagd sak når oppfølginga frå fylkeskommunen er ferdig.

Orienteringa vart teken til vitande.

- d. Trivselshagen har iflg. oppslag i NRK Sogn og Fjordane 17. februar, problem med at fliser i bassenget har begynt å losne. Bassenget er stengt inntil vidare. Dagleg leiar i Trivselshagen IKS trur at våren går med til reparasjonsarbeid.

Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om orientering i neste møte om eventuell oppfølging av eigarane ang. saka. Kontrollutvalet ber også sekretariatet ta kontakt med SEKOM vedrørande vurdering av eventuell oppfølging frå kontrollutvala si side.

- e. NDLA – Digitale læreridilar for vidaregåande skule. Interkommunalt samarbeid. 18 fylkeskommunar deltek i samarbeidet, deriblant Sogn og Fjordane. Hordaland fylkeskommune er juridisk ansvarleg eining. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har gjennomført forvaltningsrevisjon, og det er avdekkta fleire brot på lov om offentlege anskaffingar. Rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon skal handsamast av fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 8. mars.

Kontrollutvalet ynskjer orientering om status i neste møte.

- f. Studietur for kontrollutvala for fylkeskommunane på Vestlandet til Brussel 18. – 21. september 2016. Sekretariata arbeider med program for samlinga. Hotell vert reservert i nær framtid. Det vart orientert om budsjett for studieturen.

Utalet kom med innspel til program. Orienteringa vart teken til vitande.

SAK 12/16 Kombinasjonen av å vere medlem i kontrollutvalet og finansutvalet

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Personsamanfall ved at leiar i kontrollutvalet er medlem i finansutvalet er i samsvar med reglane i kommunelova.
2. Kontrollutvalet sin uavhengigheit vert ikkje påverka av at leiar eller medlem i kontrollutvalet også er medlem i finansutvalet.
3. Vurdering av habilitet ved personsamanfall vert gjort i den enkelte sak der det er grunnlag for slik vurdering.
4. Vedtaket vert sendt fylkesutvalet til orientering.

Handsaming:

Leiar i kontrollutvalet, Frank Willy Djuvik, ba om at eigen habilitet vart vurdert. Kontrollutvalet vedtok at leiar var inhabil til å handsame saka.

Endringsframlegg som kom fram i møtet:

Pkt 1 i vedtaket vert endra til:

1. Personsamanfall ved at leiar i kontrollutvalet er medlem i finansutvalet er ikkje i strid med reglane i kommunelova.

Avrøyting:

Tilrådinga punkt 2 – 4 i tillegg til endringsframlegget vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Personsamanfall ved at leiar i kontrollutvalet er medlem i finansutvalet er ikkje i strid med reglane i kommunelova.
2. Kontrollutvalet sin uavhengigheit vert ikkje påverka av at leiar eller medlem i kontrollutvalet også er medlem i finansutvalet.
3. Vurdering av habilitet ved personsamanfall vert gjort i den enkelte sak der det er grunnlag for slik vurdering.
4. Vedtaket vert sendt fylkesutvalet til orientering.

SAK 13/16 Forvaltningsrevisjon - Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune - Prosjektplan

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Prosjektplan - forvaltningsrevisjon av kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune vert godkjend som framlagd.
2. Kontrollutvalet ber om rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon innan 1. september 2016.

Endringsframlegg frå leiar i utvalet:

Nytt pkt 2

2. Kontrollutvalet ber om at ein vurderer om tenesta vert utførd på ein føremålstenleg og effektiv måte

Pkt 2 i tilrådinga vert nytt pkt. 3

Avrøyting:

Tilrådinga pkt. 1 og endringsframlegget frå leiar i utvalet vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Prosjektplan - forvalningsrevisjon av kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune vert godkjend som framlagd.
 2. Kontrollutvalet ber om at ein vurderer om tenesta vert utførd på ein føremålstenleg og effektiv måte.
 3. Kontrollutvalet ber om rapport etter gjennomført forvalningsrevisjon innan 1. september 2016.
-

SAK 14/16

Forvalningsrevisjon - Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbodet til lærlingar - oppfølging av vedtak

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet tek notat frå fylkesrådmannen datert 13. januar 2016 til orientering
 2. Kontrollutvalet vurderer oppfølginga av vedtaket i FT-sak 27/13 til å vere fullført.
-

SAK 15/16

Forvalningsrevisjon - Tryggleik og beredskap - oppfølging av vedtak i FT-sak 7/14

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet tek rapporten datert 19. januar 2016 og orientering i kontrollutvalet 26. januar til vitande.
 2. Frist for oppfølging av vedtaket i FT-sak 7/14 vert sett til 31. desember 2016
 3. Kontrollutvalet ber om ny oppfølgingsrapport innan 31. desember 2016.
-

SAK 16/16

Plan for selskapskontroll 2016 - 2020 - Prosjektplan

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Prosjektplan for utarbeiding av overordna analyse vert godkjend slik den ligg føre.
 2. Kontrollutvalet ber om levering av overordna analyse innan utgangen av juni 2016
-

SAK 17/16 Status oppfølging av forvaltningsrevisjon 3. mars 2016

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet tek status på oppfølging av forvaltningsrevisjon 1-16 til vitande
-

SAK 18/16 Oppfølgingsliste 2-2016

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Oppfølgingsliste 1-2016 vert teken til vitande
-

**SAK 19/16 Eigarposisjon i Fjord1 AS - Utbetalingane til
Advokatfirmaet Wiersholm og DHT Corporate Services
AS**

Saka vart tatt opp i møte, og det er dermed inga tilråding i saka.

Framlegg til vedtak som kom fram i møtet:

1. Kontrollutvalet meiner at rutinane og fakturakontrollen som har vorte gjennomført i samband med utbetalingane til Wiersholm og DHT, har vore tilfredsstillande til å ivareta utbetalingane sin rettmessighet. Kontrollutvalet kan ikkje sjå at fylkeskommunen sine eigne rutinar, eller lov og forskrift, er broten i samband med utbetalingane. Kontrollutvalet

ser ikke grunnlag for å gjennomføre ytterlegare undersøkingar eller kontrollhandlingar i saka.

2. Kontrollutvalet ber om at SF Revisjon gjer ei vurdering av avtalen mellom fylkeskommunen og Wiersholm/DHT opp imot Lov om offentlege anskaffingar, inkl. korleis tilleggsoppdraga forheld seg til føreseggnene.

Avrøyting:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet meiner at rutinane og fakturakontrollen som har vorte gjennomført i samband med utbetalingane til Wiersholm og DHT, har vore tilfredsstillande til å ivareta utbetalingane sin rettmessighet. Kontrollutvalet kan ikke sjå at fylkeskommunen sine eigne rutinar, eller lov og forskrift, er broten i samband med utbetalingane. Kontrollutvalet ser ikke grunnlag for å gjennomføre ytterlegare undersøkingar eller kontrollhandlingar i saka.
 2. Kontrollutvalet ber om at SF Revisjon gjer ei vurdering av avtalen mellom fylkeskommunen og Wiersholm/DHT opp imot Lov om offentlege anskaffingar, inkl. korleis tilleggsoppdraga forheld seg til føreseggnene.
-